

# Ber bønder belage seg på høg pris ut året

4 • NYHETER

NATIONEN • FREDAG 15. MAI 2020

## • Kraftfôr



**Prishopp:** Svak kronekurs har ført til prishopp på importerte råvarer til kraftfôr, noko som gir høgare driftskostnader for husdyrbønder. Dagleg leiar i Agri Analyse, Christian Anton, på dagens nivå ut året. Her en sekk med kraftfôr til lam i Sirdal i Vest-Agder.

# Ber bønder belage seg på h

Jordbruksavtalen hindrar ikkje prisvekst på importerte råvarer til kraftfôr, ifølgje forskar, som ber bønder belage seg på minst like høge prisar ut året.

Jordbruksavtalen som bondeorganisasjonane og staten er einige om etter såkalla «forenkla forhandlingar» møter kritikk frå fleire hald.

Kva effekt avtalen har på inntektsveksten i jordbruket er heilt i det blå sidan både grunnlagstala og marknads- og kostnadsutviklinga er usikker.

Det er heller ikkje lova kompensasjon eller lagt inn ein reformhandlings-klausul, som i 2008,

noko som gav jordbruket ein halv milliard kroner i kompensasjon for stor kostnadsvekst den gongen.

### – Hindrar ikkje prisauke

Ein stor del av auken i budsjettstøtta i jordbruksavtalen går til prisnedskrivning av norsk korn. 11,5 millionar kroner går til nulle ut prisveksten på norsk korn som går til kraftfôr og 8,7 millionar kroner hindrar prisvekst på

norsk korn som går til matmjøl.

Ifølgje dagleg leiar i AgriAnalyse, Christian Anton Smedshaug, er det derimot ikkje noko i avtalen som hindrar vidare prisvekst på importerte råvarer til kraftfôr.

– Avtalen bidreg til at prisen på norsk korn som blir brukt til dyr eller folk held seg stabil, men det er ikkje noko som hindrar prisveksten internasjonalt frå å slå inn i form av dyrare kraftfôr, seier Smedshaug.

Nasjonen har siste vekene fleire gonger omtalt at kombinasjonen av prisvekst på importerte råvarer og svekka kronekurs set tollvernet ut av spel og ført til dyrare kraftfôr for husdyrbønder. Det er særleg blandingar

med høgt proteininnhald som har auka mest i pris. Felleskjøpet Agri auka prisen med opp mot 15-16 øre per kilo for ein del typar i løpet av april.

Fjørfelaget har åtrvare mot at prisveksten slår kraftig ut for bønder med fjørfe. Kjem prisveksten opp i 30 øre per kilo, så vil

det gi ein årleg meirkostnad på over 100.000 kroner for bønder med egg, over 200.000 kroner for bønder med slaktekylling og 270.000 kroner for bønder med kalkun, ifølgje Fjørfelaget.

– **Minst på dagens nivå**  
Smedshaug seier ein forenkla

### – Minst på dagens nivå

«Viss eg var bonde, så ville eg planlagt for ein kraftfôrpris minst på dagens nivå ut resten av 2020»

Christian Anton Smedshaug,  
dagleg leiar i AgriAnalyse





n Smedshaug, trur bønder må vente at prisen på kraftfôret held seg minst  
Foto: Bjarne Bekkeheien Aase



**Prisauke:** Dei siste vekene har prisen på kraftfôr auka på grunn av svak kronekurs, noko som gir dyrare importvarer. Kjem prisveksten opp i 30 øre per kilo, så vil det gi ein årleg meirkostnad på over 100.000 kroner for bønder med egg og over 200.000 kroner for bønder med slaktekylling, ifølgje Fjorfelaget.

Foto: Bjarne Bekkeheien Aase



**Kostnadsvekst:** For mange husdyrbønder fører prishoppet på kraftfôr til at ein viktig innsatsfaktor kan auke kraftig utan at bonden kan vente tilsvarande auke i betalinga for kjøttet.

Foto: Bjarne Bekkeheien Aase

# Høg pris ut året

kan seie at om prisen på importerte råvarer går opp med 10 prosent, så vil prisen på kraftfôret gå opp med 5 prosent viss rundt halvparten av råvarene må importast.

– Det som er gjort for å kompensere for det, er å auke målprisen på gris. Det betrar reknestykket for grisebøndene noko. I tillegg må bøndene håpe at prisen på blant anna fjerfe og egg går opp. For mjølkebønder har forholdstalet auka til 1,01. Det gir høgare volum, som kanskje kan kompensere litt, seier Smedshaug.

Det er ifølgje Smedshaug hovudsakleg svekka valuta som har ført til prisoppgangen på importerte råvarer i kraftfôret. Han

viser til at ein amerikansk dollar kosta under 9 kroner ved nyttår. Dei siste dagane har kursen svinga rundt 10,30 kroner medan ein periode i mars kosta dollaren over 11 kroner.

– Kan importvarene gå ytterlegare opp i pris framover?

– Råvaremarknaden ser ganske godt forsynt ut. Viss det ikkje blir vesentleg tørke i Europa, som det er uro for, så ser det ut som råvareprisane held seg relativt stabile. Det er valutakursen som er den store utfordringa. Eg trur vi må innstille oss på å ha svak kronekurs ganske lenge. Den kan bli verande på dette nivået, men det er fare for at den kan svekke seg ytterlegare viss det blir ny uro, seier Smedshaug.

– Så det er ikkje grunn til å vente at kraftfôrprisen skal gå ned?

– Nei, med resesjon og svak oljepris så er det lite som tyder på at kronekursen skal styrke seg. Viss eg var bonde, så ville eg planlagt for ein kraftfôrpris minst på dagens nivå ut resten av 2020, seier Smedshaug.

## Slit med kostnadsauke

For husdyrbønder fører prishoppet på kraftfôr til at ein av dei viktigaste innsatsfaktorane kan auke nær ukontrollert, medan inntektene i form av prisar i stor grad er regulert av jordbruksavtalen.

Smedshaug kommenterer det slik:

– Normalt ønsker ein ta kost-

nadsveksten ut i form av auka prisar i marknaden, men prisveksten kjem på eit ugunstig tidspunkt. Ein har hatt ein svak marknad og ein ønsker å ta tilbake marknadsdelar på mjølk og ulike kjøttslag som til dømes lam. I år har ein prøvt å halde prisauken låg for å sikre volumet. Det er eit krevande bytte, men fullt forståeleg at ein gjer sidan ein er bekymra for etterspørselen. Slik sett kunne ein tenkt seg at staten bidrog endå meir over statsbudsjettet i år for å kompensere kostnadsveksten og sikre lønsemda i produksjonen, seier Smedshaug.

**Bjarne Bekkeheien Aase**

bjarne.aase@nationen.no

## Fakta

### Jordbruksavtalen

• Den usikre situasjonen rundt koronaviruset og manglande grunnlagstal førte til at det i år blei «forenkla jordbruksforhandlingar». Jordbruksavtalen som blei lagt fram 30. april har ingen anslag for inntektsvekst, men budsjettstøtta auka med 350 mill. kr og målprisane med vel 300 mill. kr.

• Her er resultatata for målprisar: Mjølke: uendra, svin: +1,46 kr pr. kg, poteter: +13 øre, grønnsaker og frukt: +2%, matkorn: +17 øre på kveite og +14 øre på rug, +13 øre på havre, +10 øre på bygg, fôrveite og fôrrug og +17 øre på erter og oljevekstar. Prisen på norsk korn til kraftfôr og matmjøl blir fullt nedskrive.

• Driftsgranskingane til Nibio viste i fjor ein inntektsnedgang på 35.800 kr til 287.500 kr per årsverk i snitt for 2018. Året før var nedgangen på 9500 kr.

• Grunnlagstala frå Budsjettnemnda viser 23.600 kr i nedgang (-6,3%) til 353.400 kr per årsverk i 2019. Inntekta er med det 100 kr lågare per årsverk enn i 2015.

• Stortinget har vedteke at «inntektsmålet skal være å redusere inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet. God markedstilpassing og produktivitetutvikling vil være en forutsetning for inntektsdannelsen».

## Fakta

### Kraftfôr, tollvernet og prisar

• Kraftfôr er ein av dei største innsatsfaktorane og kostnadspostane for norske husdyrbønder. Budsjettnemnda for jordbruket rekna med nær 7,8 mrd. kr i samla tillegg til innkjøpt kraftfôr i 2019 og ein snittpris på vel 3,88 kr pr. kg.

• Rundt tre firedelar av råvarene i kraftfôret er karbohydrat, som i stor grad kan dyrkast i Norge. Rundt ein firedel er proteinråvarer eller vitamin og mineral, som i stor grad må importast.

• Tollvernet sørger normalt for at prissvingingar internasjonalt ikkje får utslag i kraftfôrprisen her i landet, men om prisen på importvarene blir høg nok eller kronekursen svak nok – så blir tollvernet slått ut og prisauken får full effekt.

• I vår har svekka kronekurs set tollvernet ut av spel og ført til at særleg kraftfôr med høgt proteininnhald har blitt dyrare. Felleskjøpet Agri auka prisen med opp mot 15-16 øre per kilo for ein del typar i løpet av april.

• Prisen på norsk korn til kraftfôr blir ikkje dyrare som følgje av jordbruksoppgjøret, men avtalen hindrar ikkje prisvekst på importerte råvarer.